



Gro Hjelmeland satsar optimistisk på blomebutikk i Uskedalen. Her er ho i gang med oppussinga fredag kveld. Biletet viser at butikken ikkje kan liggja meir sentralt – 20 meter frå Grano! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen får ein ny butikk som tidleg julegåve. Midt i november opnar Gro's Blomster i Sætre-huset, som Trond Olsen no har teke over. Oppussinga av lokalane er i full gang og ikkje minst den familiære innsatsen er stor.**

Gro er full av rosande ord om huseigaren for stor velvilje.

- Eg kjem til å disponera rundt 80 kvadratmeter og sjølve butikken legg beslag på rundt halvparten, fortel ei optimistisk og entusiastisk Gro.

Ho er glad for alle dei positive reaksjonane ho har registrert etter at det vart kjend at ho skulle satsa på heimebane. Men ho er innstilt på å ikkje gå for sterkt ut, men heller prøva seg litt fram. Fleire har hatt blanda erfaringar med start av spesialbutikker i Uskedalen.

Gro har vore ansatt i blomebutikk sidan 1981, men eigentleg er ho fødd inn i faget som ho tok fagbrev i for 10 år sidan. Faren Bjørn Myklebust dreiv gartneri i Uskedalen og Gro reiste rundt i bygda med blomar. I feriene sine var ho i jobb i gartneriet. Etterkvart starta faren butikk i det gamle senteret på Husnes der Gro seinare har jobba både for Haktorsen og Fredheim.

Men etterkvart har ideen om å starta for seg sjølv på heimleg grunn fått grobotn hos Gro og familien. Gro meiner ho har gode kort på handa, for Uskedalen ligg midt i kommunen og Sætre-bygget ligg så sentralt på staden som det går an – berre 20 meter frå Grano! Det er praktisk å køyra ut blomar med Uskedalen som utgangspunkt.

Dessutan skjer mykje av salet pr. telefon i våre dagar. Ikkje minst håpar Gro på sal i samband med bryllup og gravferder. Ho blir tilknytta Interflora og har dermed ein link til heile landet.

- Kjem du til å ansetta folk?

- Nei, eg skal vera åleine om drifta men vil få god hjelp av familien, svarar Gro og kastar blikket bort i endre enden av lokalet der mannen Kjell driv og pussar.....

I tillegg til den reine butikkdrifta har Gro også ein ide om å invitera grupper på fem-seks personar til kurskveldar.

Av Ola Matti Mathisen



No blir det blomebutikk i Sætre-bygget, der det var bakervarar å få kjøpt i gamle dagar.... (Foto: Ola Matti Mathisen)